



www.voss.kyrkja.no

Nr.3 | 2020 | 79 årg.

KYRKJENYTT

for Vossabygdene



Pinse

Pinse er ei kyrkjeleg høgtid som er litt meir diffus enn jol og påske. På **side 4** kan du lesa om bakgrunnen for at me feirar pinse. Hugs at det er flaggdag!

Minnelund

Arbeidet med å laga til ein namna minnelund på Tunshovden er no kome så langt at det er laga teikningar og gjortt avtale med den som skal byggja den. Les om korleis det skal sjå ut på **side 6**.

T-dagar og konfirmasjon

På T-dagssidene kan du denne gongen lesa om konfirmasjon og om Tårnagentar i Oppheim og Evanger kyrkje. Du kan dessutan lesa om pinse og få eit oppdrag du kan gjera i pinsen **sidene 9-12**.



DE HISTORISKE



DÅP,
KONFIRMASJON,
BRYLLUP,
MERKEDAGER OG
SMÅ OG STORE
SELSKAP

T: 56 52 05 00



Asta, Fredrik,
Signe og Marie
Fleischer

DET ER NOE
MED FLEISCHER’S

Hit kom de, prinser og prinsesser, konger og
dronninger, fyrster og keisere. Til Voss. Til sin
forbauselse ankom de så et hotell med en
forunderlig velkjent atmosfære av fornemme,
kontinentale vaner, av dannet gjestfrihet.

MED TRADISJON
FOR STORSLAGNE
BEGIVENHETER



FLEISCHER'S
HOTEL

ANNO
1864



56 52 05 00 hotel@fleischers.no fleischers.no



Kyrkjekontoret:

Kontortid: mån-fre kl 9-15, onsdagar 10-15
Uttrågt. 5, pb 49, 5701 Voss
Telefon 56 52 38 80
www.voss.kyrkja.no, post.voss@kyrkja.no
konto.nr. 3480.16.45293
Kyrkjeverje Svein Tøsse
959 79 905
e-post: ST545@kyrkja.no
Ass. kyrkjeverje Åslaug Styve Mjånes
408 53 537
e-post: AM574@kyrkja.no
Trusopplæringsmedarbeidar Åshild Bøe Kharazmi
952 98 681
e-post: AK649@kyrkja.no
Kyrkjelydspedagog Camilla M Velsvik
995 18 194
e-post: CS222@kyrkja.no
Kateket Rønnaug Eng Skjeldal
952 62 025
e-post: RS625@kyrkja.no
Diakon Sigrid Djukastein Mala
478 49 134
e-post: SM435@kyrkja.no
Diakonimedarbeidar Vetle Leksbø
Tlf. 947 93 477
e-post: VL555@kyrkja.no
Kantor Astrid Gjestvang
958 56 414
e-post: AG678@kyrkja.no
Organist Frode Vik
952 62 084
e-post: FV586@kyrkja.no
Organist Vossestrand Ellen Marie Selland Geithung
980 64 594
e-post: EG395@kyrkja.no
Kyrkjetenar Bolstad Anny Forthun
481 36 520
Kyrkjetenar Evanger June Mykkeltvedt
Kyrkjetenar, Voss Thomas Velsvik
414 75 383
Kyrkjetenar Oppheim/Vinje Kjell Kr. Øyre
416 29 786
Gravar Vidar Bryn 996 00 940
Oppsynsmann for kyrkjegardane Hege Ukvitne
918 74 201
Kontormedarbeidarar: Idunn Holen, Lene Brunborg
og Randi Kløve

Prestetenesta:

Kyrkjekontoret på Voss, Uttrågata 5
tlf sentralbord 56 52 38 80
Prost i Hardanger og Voss Arild Hellesøy
906 99 533
e-post: AH539@kyrkja.no
Sokneprest i Voss Anders Hove
414 68 493
e-post: AH657@kyrkja.no
Sokneprest i Ulvik/Granvin Magnar Haaland
415 46366
e-post: MH977@kyrkja.no
Sokneprest i Vinje/Oppheim/Raundalen
Cato Torsvik
974 23 459
e-post: RT682@kyrkja.no
Prostiprest Arnulf Sandvik
416 75 658
e-post: AS794@kyrkja.no
Sokneprest i Evanger og Bolstad Frode Kvamsøe
901 96 514
e-post: fk796@kyrkja.no

Soknerådsleiingar:

Evanger: Nora Mykkeltvedt	952 79 970
Voss: Bjørg Helland	938 56 326
Oppheim: Monica Gudrun Hansen	957 58 204
Vinje: Ståle Hirth	950 84 902
Raundalen: Johnny Lemme	401 82 912
Granvin: Sigvor Melve Schrey	911 32 608

Kyrkjennytt utgjeve av:

Voss Kyrkjelege Fellesråd saman med Evanger,
Voss, Raundalen, Oppheim, Vinje og Granvin
sokneråd

Besøksadresse:

Kyrkjekontoret, i Uttrågata 5
Postadresse: Pb. 49, 5701 Voss
Epost: kyrkjebladet@voss.kyrkja.no
Kontonr: 3480.16.45293
Telefon (red.) 915 98 410

Redaksjonsnemnd:

Heidi Hisdal, Anne Marie Haugen, Gunn Horvei,
Eva Kløve, Einar Melve og Arne Mosefinn (red.)

Grafisk produksjon:

Voss Prenteverk. Opplag: 7300 eksemplar

Neste nummer:

Neste nr. Kjem ut i veke 26.
Frist for innsending av stoff er 27. mai..

Framsidedeilete:

Pinselliljer
Foto: Arne Mosefinn



Å bli ei dør

Av Eiliv Erikstein, prostediakon i Vest-Telemark

Eg har vore på mange vandringar til det gamle pilegrimsålet Røldal. Gått i lag med folk frå psykisk helse, innsette og etterlatne etter sjølv-mord. Å gå gjev von. Går ein, vil ein leve. Går ein, er det for livet. Om det ikkje var ei framtid, ein veg for oss, ville me aldri bry oss om å gå.

På Haukelifjell, ved Dyrskar, finst ein gammal vegtunell frå 1900 som ein går gjennom. Tunellen er ikkje lenger heilt i stand. På venstre side har det opna seg eit hol, lys kjem inn i mørket og leier oss trygt igjennom. Så vert den vesle tunellen eit bilete på håp og forvandling. Lys og håp kjem på nye måtar og frå nye vinklar. Som eit menneske på sida av ein, eller ein ny tanke til hjelp på svarte dagar.

I Matteusevangeliet seier Jesus: «Eg var framand, og de tok imot meg; eg var naken, og de kledde meg; eg var sjuk, og de såg til meg; eg var i fengsel, og de vitja meg.»

Då spør gode folk: «Når såg me deg i fengsel, utan klede, svolt, tørst, framand eller sjuk?» Dei visste ikkje om det gode dei hadde gjort. Men Jesus svara: «Alt de gjorde mot ein av desse minste syskena mine, det gjorde de mot meg.»

Ei dame sa ho hadde møtt veggen, ein skikkeleg hard sementvegg. No trengde ho nokon å snakke med. På trammen etter samtala spurde eg om ho såg noka dør i veggen. Då såg ho på meg og sa: «I dag vart du døra mi.»

Langs diakonvegen vert det opna dører av mange slag. Somme av dei er vidopne, andre har trutna rundt karmen, må handsamast forsiktig. Ein og annan har mista nykkelen, og må få hjelp til å leite etter han.

«Eg starta med mange tunge tankar, men dei var mest borte då eg kom fram til Røldal», sa ei. «Trur det heiter nåde.»

MINE TANKAR OM



Er dette humor?

Av Aloï Roth, formidla av Marit Svahn

I tider der vi kjemper mot en ond pandemi, der ingen vet hvordan morgendagen vil se ut, der folk i Norge, Israel og andre land rundt om i verden bistår og trøster hverandre, der Israel produserer og tilbyr forsyninger som kan bidra til å bremse coronavirus- spredningen, der Israel gjør en innsats for å hjelpe de palestinske myndighetene med å dempe utbruddet, som å levere medisinsk utstyr, kunnskap, screeningstester, gjensidig intervensjonsstrategi-oppygging og budsjettoverføring, der Israel prøver å hjelpe Gaza med å forhindre coronavirus-utbruddet der (og de viser sin takknemlighet ved fortsatt raketter som lanseres inn i Sør-Israel), i disse prøvede tider, er det eneste NRK s #nyttpånytt-program hadde å si om Israel var å beskyldte dem for å myrde et folk.

Jeg blir fortalt at det er humor. Bare humor. Da antisemittiske karikaturer ble publisert, fikk jeg beskjed om at det bare

er humor. Da en artist ropte noe nedsettende om jøder på scenen på en fullpakket konsert, fikk jeg beskjed om at det kun er humor. Det jødiske folket har stor sans for humor. Vi brukte den for å overleve da vi ble anklaget for enhver urett fra historiens tider og jaget ut uten grunn. Å bruke “humor” til å skyldte på og beskyldte Israel for slike usle ting uten noen forbindelse til virkeligheten er uakseptabelt.

Å bruke “humor” i slike triste omstendigheter er uakseptabelt. Å forkle giftige ord under dekke av “humor” er heller uakseptabelt. Vi vil fortsette å hjelpe palestinerne i kampen mot coronaviruset. Vi vil til og med fortsette å hjelpe Gaza i kampen mot coronavirus, til tross for at de skyter raketter på oss nå for tiden. Hat under dekke av det som kalles “humor” vil ikke avskrekke oss.

Pinse

Av Anders Hove


Vi er no inne i påsketida, som går frå første påskedag og heilt fram til pinse. Mange har kanskje høyrd pinseforteljinga frå Apostelgjerningane om eldtungene, og om at apostlane, som var saman for å feire den jødiske pinsefesten, då dei kunne prate så dei vart forstått på alle tungemål. Dette skjedde ti dagar etter at Jesus for opp til himmelen, dagen vi kallar Helgetorsdag, eller meir populært: Kristi himmelfart. Truleg har me fått ordet pinse frå det lågtyske pinxte, via dansk. Det kjem opphaveleg av det greske ordet pentecoste, som tyder «femtiande». Pinsa feirst femti dagar etter påske. Opphaveleg var pinse ein jødisk fest for å markere slutten på den jødiske påskefeiringa Pesach (som betyr «gå forbi»), som vart feira sju veker etter sabbat i Pesach, og minna om då Moses fekk lovtavlene, dei ti bod, på Sinai, den blir også kalla «kornhøstefesten». Kvitsunn(dag) har vore brukt på (ny)norsk om pinse, av det norrønne hvitasunna (engelsk «Withsunday», som er eit engelsk namn på pinsedag).

Pinsa er den tredje store feiringa i kyrkja, tidlegast feira på 200-talet, men kanskje den minst kjende. Ei naturleg forklaring på dette er at dei to andre høgtidene, jul og påske, har noko handfast ved seg og noko vi kan kjenne att, eit barn blir fødd, ei grav er tom.

Pinse trekker tråden vidare frå oppstoda til livet i kyrkja. Pinsa blir ofte kalla kyrkja sin fødselsdag. Ved at apostlane, ved Anden, fekk styrke og ord til å forkynne om Jesus, og også til å spreie dette evangeliet til andre folkeslag, kunne kyrkjelydane vekse fram. Og vidare tok dei til å feire gudsteneste etter faste mønster og på faste dagar, heilt fram til vår tid.

Pinse er slik ein dag som bind saman vår kyrkje med apostlane og dei tidlegaste kyrkjene, men det er også meir enn det. Jesus tala fleire gongar om at det skulle kome ein talsmann, eller ei anna form for nærvær når han ein gong skulle stige opp att til Gud. Dette er Den heilage ande.

Det er kanskje nett dette som gjer at pinsa er ei lite handfast høgtid. Sjølv om Anden gjerne blir



Frå glasmåleriet i vestveggen i Vangskyrkja. Ei due (bilete på Den heilage ande) svevar over ein knelende person (ein engel). Glasmåleriet er utforma av Bernhard Greve.

Foto:Arne Mosefinn

synleggjort med ei due, er den likevel ikkje noko fysisk. Men pinsa handlar like fullt om noko vi kan erfare og kjenne. Pinsa handlar ikkje om at Gud har forlate verda, sjølv om pinsa heng saman med helgetorsdag. Pinsa handlar om at Gud kjem oss nær: så nært at det ikkje er noko vi kan sjå med auga, men kjenne med hjarte og sjel.

Den heilage ande er ei kraft som hjelper oss å sjå, tru på og å leve med Gud: den er Guds flammande kjærleik i våre hjarte. Gud er gjennom Anden til stades i vår verd, ein del av våre liv, og så nær våre liv det er mogeleg å kome.

Pinsa er slik ei flott høgtid, og ei av dei store gåvene vi har å feire i kyrkja, saman med jul og påske. Den er feiringa av det næraste nærvær; Guds Ande i oss, og Gud med oss gjennom liv og død.

Kjelder: Bibel.no, Store norske leksikon, kyrkja.no, språkrådet.no og wikipedia.no



Metiku og bestevenen hans Isayas

Nytt frå Etiopia/Misjonsprosjektet

Av Britt Hernes/Misjonsnemda

Metiku Taresse går på ingeniørlina ved Tigre Deressa skulen. NMS har eit prosjekt i Kamashi. Av det har han fått litt støtte til å gå på skulen.

Metiku tar alle slags jobbar, men mest av alt pusser han sko etter skuletid. Pengane deler han med dei tre søstrene og broren som han bur med. Foreldra er skilt og mora si løn strekk ikkje til nok mat til borna. Difor kjøper Metiku sorghum/mjøl for pengane han tener. I tillegg kjøper han kladdebøker til seg sjølv og søskena sine.

Ungdomssenteret i Kamashi er viktig for Metiku. Han går ofte innom der før han skal jobba med skopusseing. Han har høyrte om Korona-viruset og er bekymra. Han vil sjølvstendig følgja retningslinene frå staten for å hindra spreiding av viruset. På same tid er han redd for at det skal påverka arbeidet hans. Dersom folk ikkje lenger går ut på gata og får skitne sko, kan han ikkje tena pengar lenger. Då vert livet til Metiku og familien vanskelegare.

Be for folket i Vest-Etiopia der mange lever frå hand til munn og er spesielt sårbare for smitte.

Sidan Vangskyrkja er stengt for tida, så er det heller ikkje kyrkje-ofringar. Dette rammar mange føremål, også misjonsprosjektet vårt. Staben i NMS Etiopia, saman med helsestyresmaktene i landet, står klare til innsats for å kjøpa smittevernutstyr. Utstyret vert så distribuert gjennom kommunale komitear. Me er takksame for økonomisk støtte til arbeidet i Vest-Etiopia ved VIPPS nr 505877 eller bankgiro 3480.30.84647/Voss Sparebank. Merk med «Misjonsprosjektet».

Voss kyrkjelyd støttar NMS/Det Norske Misjons-selskap sitt arbeid i Etiopia.

Voss får namna minnelund

Av Svein Tøsse

I løpet av sommaren vil det kome opp minnelund på Tunshovden gravplass, til bruk for heile Voss. Namna minnelund er eit omgrep som kanskje ikkje er så kjent for folk flest, så me nyttar høvet til å informere litt om dette.

Ein minnelund er eit område på gravplassen der ein har eit felles minnesmerke for fleire gravlagde. Den første minnelunden her i landet, vart anlagt i Bærum for om lag 20 år sidan. Den var meint for dei som ikkje hadde høve til, -eller ynskje om - å setje opp gravstein og å syte for stell av grava. Etter kvart har fleire kommunar fått minnelundar. Ein har sett at denne måten å gje nokon ein siste kvilestad dekkjer eit behov for mange pårørande. Bergen kyrkjelege fellesråd har alt bygd fleire minnelundar, og dette ser ut til å verte ein naturleg del av ny gravplassutbygging mange stader i landet.

Folk reiser mykje, folk ser andre gravplassar. Me fekk førespurnad frå pårørande om me hadde etablert slik namna minnelund på Voss. Samstundes hadde me ein omtale om minnelund i Kyrkjennytt. Voss kyrkjelege fellesråd er gravplassmynde i heradet, og ynskjer å leggje til rette for dei ulike livssyn og innbyggjarane generelt. Fellesrådet vedtok difor i 2019 å gå for etablering av minnelund på Tunshovden gravplass på Vangen.

Namna minnelund er ulik gravplassane elles, der ein plar ha ei form for gravminne eller kors som markerer staden og opplyser om den gravlagde. Sjølv staden der urna vert sett ned, vert ikkje merkt på noko vis, men det vert i staden montert ei namneplate på minnesmerket, med fødsels- og dødsdato. Kvar gravlagt får tildelt eiga namneplate. Ved gravlegging kan det også gjerast plass på minnesmerket for eiga namneplate for til dømes ektefelle, etter avtale. Pårørande kan setje snittblomar i vase på minnesmerket. Det vert også laga plass for lys og lyktar. Det som mange set pris på



III: Tunshovden namna minnelund, slik arkitekten ser den for seg.

er at gravplassbetjeninga syter for planting og stell av blomar i blomebedet. Pårørande skal vere trygge på at minnelunden vert stelt og pynta størstedelen av året.

Etter arkitektkonkurranse fekk ABO Plan og Arkitektur AS ved Signe Mossige tildelt oppdraget med å utforme ferdig forslaget til minnesmerke, med omgjenvader, omregulering av eit kistegravfelt til urnegraver tilhøyrande minnesmerket, og omregulering til retningsbestemte graver. Firma Tunge Ting AS på Dalsleitet skal produsere alle delane i betong med tilslag av bergarten kvit anortositt frå Gudvangen. Voss Bygg og landskap, og Gjerdalstveit mekaniske, deltek med trearbeid, sitjeflater og beslag. Arkitekt og byggherre har ikkje kome fram til endeleg utforming og materialval for namneplatene enno.

Etablering av namna minnelund krev godkjenning frå Bispedømerådet, og større endringar kan i nokre høve krevje kommunal godkjenning (byggjesak). Gravplasskonsulenten Åse Skrøvset har handsama søknaden om godkjenning, og innan Kyrkjennytt kjem ut til folket reknar me med at den formelle godkjenninga er i orden.

Det vert søkt om midlar til bygginga frå fondet «Olav Gjøsstein og hustru Marta f. Kvale's fond» Minnelunden får ein totalkostnad på om lag 1,8 mill kroner.

Nytt sprinkleranlegg i Vangskyrkja

Vert stengt i tre månader i haust

Av Svein Tøsse

Vangskyrkja skal få montert nytt sprinkleranlegg og brannvarslingsanlegg til hausten. Arbeidet er omfattande, og den einaste løysinga for ei rask og god framdrift, er å stengje kyrkja heilt frå midten av august og til byrjinga av november.

Vangskyrkja frå 1271-1277 er ei av dei aller vanskelegaste kyrkjene i landet med tanke på bygging av sprinkleranlegg. Kyrkja skal vernast mot inngrep som skiplar den historiske verdien, og skjemmer interiøret. Difor må plasseringa av kvart vassrør og kvar dyse planleggjast nøye. Riksantikvaren skal godkjenne alt arbeidet som skal utførast, og det vert stilt store krav til entreprenøren som får oppdraget. Medan eit sprinkleranlegg i eit bygg med same areal kan koste to millionar, kjem kostnaden i Vangskyrkja til å verte over tre gonger så høg. Likevel må ein prioritere dette viktige arbeidet for å få eit fullgodt

sløkkjeleg til Voss sitt viktigaste signalbygg. Tapet for bygda, om kyrkja skulle brenne opp, er umogleg å talfeste.

Stenging av Vangskyrkja fører til at alle gravferder må flyttast til Vonheim i perioden. Koronaepidemien har alt ført til store problem for samfunnet. Til all lukke ser det ut til at me slepp å få den store auken i tal på gravferder som denne pandemien kunne ført med seg. Dermed kan me gjennomføre stenginga som planlagt. Ei anna utfordring er at det nye orgelet som er tinga til Vonheim, kan verte forseinka grunna koronapandemien. Det vert produsert i Tyskland med delar frå andre land, og det verkar som leverandøren har fått problem med å få det ferdig. Det er ikkje godt nytt, for orgelet i Vonheim er langt på veg «utbrukt» no.

Gravfelt for retningsbestemte graver etter Islamsk skikk

Som gravferdsmynde skal me ta omsyn til ulike skikkar for gravlegging, så langt det let seg gjere. Dei eksisterande gravplassane i Voss har tradisjonelt vore lagde slik at ein skulle gravleggjast med kista i aust-vest-retning, med fotenden mot aust. Slik skulle ein vere budd for oppstoda. Seinare år har ein i større grad teke omsyn til ulike trdomssamfunn ved bygging av nye gravplassar. Dette er også nedfelt i Gravferdslova som kom i 1997. Voss har ikkje anlagt nye gravplassar siste åra, men har klargjort og rusta opp Tunshovden.

Her er det felt som enno ikkje er tekne i bruk til gravlegging. Det er difor naturleg å nytte eit ledig felt til retningsbestemte graver etter islamsk skikk. Eit felt på om lag 40 graver vert sett av til dette føremålet. Etter denne tradisjonen skal kroppen leggjast på høgre side, med andletet vendt mot Mekka, der heilagdomen Kaba er. Himmelretninga vert peika ut av ein Imam før gravlegging. Voss har etter kvart fått mange muslimar, og det er godt å kunne tilby desse ein kvilestad nær dei pårørande, i heradet.

Nytt om Bibel-arbeidet



I 2019 fekk nesten 617 millionar menneske, som snakkar 90 ulike språk, endeleg Bibelen på sitt språk. Eitt av desse var ellomwe i Malawi.

Lukkelege marsjerte folket rundt i byen Chiringa med ein gigantisk kopi av den nye bibelen sin for å symbolisere Guds ord si kome på deira eige språk. Berre fem år tidlegare hadde dei ynskt det første Nye testamente velkomen. Verknaden det har hatt var tydeleg under innviingsseremonien, då ungdom stolt resiterte vers frå Det nye testamente etter hukommelsen.

– Det var først då Det nye testamente vart publisert at folket her såg at språket deira kan skrivast ned og brukast i både media og i kyrkja sine aktivitetar, sa Hayes Metani, ein av oversetjarane.

– Bibelovertsetjinga har gjort eit banebrytande arbeid blant minoritetsspråk og for folk i dette distriktet, seier han.

Bibelen for første gong

29 millionar menneske, som snakkar 50 språk, fekk for første gong ein bibeldel oversett til sitt språk. 4,2

millionar menneske (fordelt på 6 språk) fekk heile Bibelen på sitt språk for første gong.

Dei siste fem åra har De forente bibelselskaper, som Det Norske Bibelselskap er ein del av, oversett Bibelen til 270 språk som vert snakka av 1,7 milliard menneske!

Kjelde: Bibelselskapet



Trusopplæring i kyrkjene våre



f Trusopplæringa i Voss

Desse sidene er avsett til trusopplæringa i Voss.

Trusopplæringsdagane kallar me T-dagar. Målet er at alle døypte eller tilhøyrande i Den norske kyrkja skal bli inviterte til ein T-dag i kyrkja sin regi minst ein gong i året til dei fyller 18 år.

På desse sidene vil de finna informasjon om komande T-dagar, reportasjer frå det som har skjedd, oppgåver og konkurransar.

Konfirmasjon 2020

Grunna situasjonen rundt korona-viruset er konfirmasjonane flytta til august og september:
Raundalen: laurdag 22.08. kl. 11:00. Vangskyrkja: søndag 23.08., laurdag 29.08. og søndag 30.08. Alle tre dagane kl. 10 og 12. Evanger: laurdag 05.08. kl.11. Granvin: søndag 13.09. kl. 11:00. Vinje kyrkje: søndag laurdag 19.09. kl. 11:00.

Konfirmant 2021?

Neste års konfirmantar har fått invitasjon til konfirmasjonsundervising i posten.

Konfirmasjonstida er ei tid for å tenka nokre nye tankar, verte betre kjend med seg sjølv, kanskje få nokre nye venner og ikkje minst verte betre kjend i kyrkja og i Bibelen. Me konfirmantlærarane gler oss til å bli kjend med nye ungdomar.

Konfirmasjonen er for alle som har lyst. Er du nysgjerrig på det som skjer i kyrkja? Veit du ikkje heilt om du greier tru på Gud og Jesus? Bli med, da vel! Om du ikkje prøver kan du ikkje vite om det er noko for deg. Og finn du ut at det ikkje er rett å konfirmere deg i kyrkja, så er det greit også.

Informasjon om konfirmasjon i sokna våre finn du på nettsida vår (voss.kyrkja.no). Her finn du òg påmeldingsskjemaet.



Babysong i Oppheim kyrkje

Babysongkurset på Vossestrand rakk akkurat å bli ferdig før all aktivitet vart stoppa. Her har ein fin flokk born og foreldre kost seg med song og musikk, mat og prat.

T1 T2 T3 T4 T5 T6 T7 T8 T9 T10 T11 T12 T13 T14 T15 T16 T17 T18

T8 Oppheim og Evanger kyrkje




Det skjer kvart år... Like mystisk, like uforklarlig. Er det kyrkjetenarane som vert heilt tulle, eller kva er det som eigentleg skjer i kyrkjene våre? Kyrkjene har jo mange skattar, og kvart år, på omtrent same tid så forsvinn desse skattane. Det er like før politi vert kontakta, men av erfaring så veit me at åtteåringane er mykje flinkare til å løyse desse

mysteria. Så skjedde det altså igjen. Både på Oppheim og på Evanger. Lysestakane og dåpsfata var søkk vekke... Gåter og oppdrag måtte løysast. Bibelen er full av hint, og var god å ha. I Bibelen fann me også koden til det underlege skrinet me fann på veg opp i kyrkjetårnet. Der var det forresten ganske skummelt. Me traff flaggermus, og alle var einige om at kyrkjeklokka – den bråkar! Heldigvis er åtteåringane ekstremt tøffe, flinke og ikkje minst knallgode agentar. Mysteria vart løyste, og kyrkjeskattane kom på plass. Då var det godt med pizzabollar og kos. Diverre vart T8 i Vangskyrkja avlyst pga coronaen, så kva som har skjedd med kyrkjeskattane der er jo ikkje godt å vite...



Tårnagentane er eit opplegg som er basert på ein TV-serie frå NRK. Dersom du eller nokon du kjenner vil sjå denne serien så ligg den på NRK sine nettsider: <https://nrksuper.no/serie/taarnagentene>



T1 T2 T3 T4 T5 T6 T7 T8 T9 T10 T11 T12 T13 T14 T15 T16 T17 T18

Hei, alle born!



Er du den som alltid havnar i røyken når du sit ved eit bål? Slik er det for oss. Nesten alltid er det som om røyken følgjer etter oss, uansett kor me sit ved bålet. Har du og opplevd det?

Det har vore ein rar vår. Har du likevel hatt det kjekt? Kanskje keia deg litt? Mykje av tida har me jo vore heime, men kanskje har du vore på tur og? I all slags vær? Me likar best sommar og sol, men det er faktisk litt herleg når vinden røskar i håret, og kjempekjett dersom vinden er så sterk at me nesten ikkje klarar å stå. Påska er over, og pinsa er her. Mange synes det er vanskeleg å forstå pinsa. Julia er jo grei, for då blei den vesle babyen Jesus født. Påska er både trist og kjekk. Langfredag, då Jesus døde, er trist. Men festen 1. påskedag, når me feirar at han stod opp igjen, den er skikkeleg kjekk. Kanskje fekk du påskeegg som skal minne om det nye livet, det fantastiske livet som ventar på oss etter døden? Det er godt å tenkja på at me etter dette livet, får det endå betre! Det har Jesus lovt oss.

Så gjekk tida etter påske. Den torsdagen me kallar Kristi Himmelfartsdag, reiste Jesus opp til Gud og vennene hans såg han ikkje meir. Ti dagar etter denne torsdagen kjem pinse. Då var læresveinane samla i eit rom i byen. Plutseleg høyrde dei ein suselyd, nett som ein skikkeleg vind, og så kom Den heilage ande til dei. Det kom eldtunger og sette seg på hovuda deira. Det må ha vore veldig rart. Men enda rarare var det at læresveinane fekk så lyst til å gå ut i byen og fortelje om Jesus og Gud til alle. Og alle som var i byen høyrde forteljinga om Jesus og Gud på sitt eige språk. Læresveinane kunne ikkje desse språka frå før, men no berre snakka dei. Dette vart starten på kyrkja. I pinsa feirar me kyrkja sin fødselsdag og at Den heilage ande kom til oss.

Men Pinsa fortel oss om meir enn vind, eldtunger og nye språk. Den fortel om fellesskap. Me menneske er jo ulike, men samstundes så høyrer me saman, sjølv om me ikkje forstår språket til kvarandre. Det ser me kanskje ekstra godt i desse dagar. Folk over heile verda kjempar mot det same, vonde viruset. Alle gjer det i eit slags fellesskap. Det er jo fint, sjølv om me helst skulle sluppe det. Akkurat no saknar me alle borna som kjem på T-dagane. Det er så kjekt å vera i lag med dykk i kyrkjene våre. Me gler oss skikkeleg til me kan møtast igjen!

Masse avstandsklemmar frå kyrkjelydspedagog Camilla og kateket Rønnaug

Oppdrag til borna:

I Pinsa frå fredag kl. 17:00, vil me ha eit håpstre utanfor Vangskyrkja. Teikn ei due, eller ta ei som me har laga. Skriv på eit håp eller ei bøn og heng dua på treet.

1. pinsedag mellom kl. 13:00 og 15:00 vil du finne ei overrasking du kan ta med heim, ved treet. Treet vert rydda etter
2. pinsedag



T1 T2 T3 T4 T5 T6 T7 T8 T9 T10 T11 T12 T13 T14 T15 T16 T17 T18



BARNAS SIDE

Finn 5 feil

Etter at Jesus døydde, gøymde læresveinane seg. Dei var redde og lei seg. Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet under?

Teikning: Claudia Chiaravalotti



Finn namn på 10 insekt!

I rutenettet under har vi gøymt namna på 10 insekt. Namna står bortover og nedover. Klarer du å finne alle saman?

R	E	V	L	I	N	S	N	I	P
G	R	E	S	S	H	O	P	P	E
M	K	P	L	A	U	M	R	L	T
A	E	S	O	T	M	M	A	U	R
R	F	Å	P	R	L	E	T	S	O
I	J	U	P	I	E	R	E	S	V
H	O	M	E	G	S	F	L	U	E
Ø	M	U	M	I	L	U	S	L	L
N	P	I	L	I	O	G	V	P	Ø
E	K	A	K	E	R	L	A	K	K

Fargelegg!

Teikning: Claudia Chiaravalotti

Men Jesus sto opp frå dei døde, og viste seg for Tomas og dei andre læresveinane!



Gje barnebladet BARNAS til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på Sondagsskolen.no eller 22 08 71 00

VITSAR

- Mamma, eg hugsar du den dyre vassen du var så redd for at skulle bli øydelagt?
- Ja?
- Eh, no treng du ikkje å vere redd for han lenger ...
- Mamma, eg har funne ein falsk hundrelapp!
- Korleis veit du at han er falsk?
- Det er tre nullar i staden for to.

Alt er som før – ingenting er som det var....

Av Sigrid D. Mala, diakon

Det er ei underleg og krevjande tid me er inne i alle saman. Med ulike utfordringar i livet og kvardagen vår. Corona-viruset er her og me tek våre førehandsreglar. Me held avstand og vaskar hender.

Nokon er permiterte og veit ikkje om dei kjem attende til arbeidet sitt, og er uroa over økonomi. Mange har vore heime med små born og skuleborn, for mange har det vore utfordrande. Fødande kjem heim med det nyfødde barnet, men får ikkje dele gleda. Mange eldre vert lett isolerte i eigen heim, andre kjenner angst og uro. Me får mykje god informasjon, men det kan òg verta mykje å ta inn. Avstand og einsemd kan mange kjenne på.

Mange har sine næraste langt borte og kan ikkje møtast. Andre står i djup sorg over ikkje å kunna vera nær ein av sine den siste leve-tida, og smerta over å ikkje kunna dela sorga, med andre enn dei heilt næraste i gravferd.

I denne tida treng me alle, meir enn til vanleg: vennlege ord, eit «hei», eit smil, ein telefon, og bruke sosiale medier for å sjå kvarandre, høyre kjente stemmer, og slik vise kvarandre nestekjærleik, og skape håp om ei ny tid.

Vi ser frå andre land, byar som ligg aude, folk må halda seg inne i husvera sine og kan ikkje gå ut. I bygda og landet vårt er me heldige, me har skog og fjell så nært oss, der er det trygt og godt å vera. Inviter gjerne med ein ven til å gå ein tur, og opplev skaparverket saman!

Kyrkjene er stengde, men me som arbeidar i kyrkjene er her, ta gjerne ein telefon for samtale!

Så er me òg inne i ei vakker tid på året, der det spirer og gror rundt oss. Humler og sommarfuglar er i lufta! Det gjer noko med oss! Sommarfugl er eit gammalt symbol på HÅP!

Det kan me trenge no i desse krevjande tider – eit HÅP om at alt ein gong skal verta bra. Kanskje ikkje som før men noko nytt!



Sommarfugl-effekten.

Nokon ord berre
Eit streif av håp ein gong
Eit lite glimt av tru
Kan verta til ein klippe å stå på
Til ein vegg å lene seg mot.

Bærar

Det som ber oss i livet
Det som gjer livet verdt å leva
Alt det vi ikkje lagar sjølve
Det som veks fram og opp mellom oss
Er det dette vi òg ber med oss når vi døyr?

(Fritt frå meditasjonsheftet frå Diakonhjemmet.
Tekstar: Jarl Torgeir Bøhler)



*Må din vei komme deg i møte,
vinden alltid være bak din rygg,
solens lys leke på ditt kinn,
regnet falle vennlig mot din jord.
Og må Guds gode hånd verne om
deg til vi møtes igjen.*

Keltisk velsignelse

Eg vil stil slutt seie:

Ta godt vare på kvarandre i tida me er inne i,
Ta vare på det som veks opp og fram mellom oss!
Ta vare på den biten av livet du ikkje lagar sjølv
- Den du mottek fordi nokon er glad i deg
- Fordi nokon vil deg godt
- Fordi du ikkje lever livet åleine.

Ta kontakt:

Sokneprest: Anders Hove, tlf. 41 46 84 93
Diakon: Sigrid Djukastein Mala, tlf. 47 84 91 34
Sokneprest: Cato Torsvik, tlf. 97 42 34 59
Prostiprest: Arnulf Sandvik, tlf. 41 67 56 53
Vikarprest: Bengt Arvidsson, tlf. 90 25 81 61
Prost: Arild Hellesøy, tlf. 90 69 95 33

Du er nær

*Du er den
som er nær
når mitt hjerte er nedbrutt.
Når min ånd ikke ser lys.
Når mine tanker blir mange.
Når min kropp ikke makter.
Da er du nær.
For du har sagt i ditt ord
at Du er nær.
Hjelp meg,
når mitt hjerte er brutt ned,
at også jeg ser
at Du er nær.
Du som er min frelser
og min Gud.*

**Henta frå «Jeg vil velsigne deg»
av Rita Aasen, Lunde forlag
2015**



Eit hjarte laga av kongler, plassert i ein sti
i Hangurslia 2020.
Foto: Arne Mosefinn

Barndom, kvardag og basarar i Myrkdalen

Av Magne Sørestrand

Mine tre første skuleår føregjekk på Flatbygdi skule i Vik i Sogn med Inga Vange som lærar. Ein fantastisk person som var som ei bestemor for oss. Trantabelettar og beinmjøl på skiva kvar matstund. Godt for helse og tannverk.

Tilbake i Myrkdalen i fjerde klasse, byrja pugging av gangetabellar, bibelsoge, katekisma, saga, geografi med meir. For meg var friminutta med fotball, slåball, ski og leik høgdepunkta i skulekvardagen.

Kristendom første time kvar skuledag. Og vi som hadde vore på skirenn sundagen måtte alltid først i høyringa av utorleksa: Salmever, bibelsoga, boda med forklaring, Luther si vesle katekisma var det viktigaste. For nokre gjekk dette lett, men stundom sovna eg seint sundag kveld utan at mor og far var heilt nøgde med vetleguten sin.

Men den lærdomen vi fekk der var desto nyttigare då vi gjekk til presten, konfirmantførebuing om våren og sommaren. Dette var kvar laurdag, sykla til kyrkjestova på Oppheim og heim att. Der fekk vi betalt for læringa i barneåra. Eg kjende att mest alt presten fortalde oss og det vi vart høyrde i. Hugsar godt overhøyringa på konfirmasjonsdagen i oktober, høgtidleg og nerver var der rikeleg: «Kven var stamfedrane for israelsfolket?» spurde sokneprest Vestre. Eg svara rett og Vestre kom med neste oppgåve som for min del var «Fadervår». Også det gjekk greitt.

Ein kristendomstime i sjuande klasse hadde læraren ei lang utgreiing om Gud. «Gud finst overalt i verda, ute i naturen og alle stader er Gud der for å ivareta alle menneska på jorda,» var læraren sin bodskap. Då måtte berre Nils retta opp handa for å stilla eit viktig oppklarande spørsmål: «Du lærar, sidan Gud er alle stader, trur du heilt sikkert at Gud nett no gøymer seg oppe i den nye slupen (luftavløpet) me har fengje?» Då måtte læraren sjå ut glaset og vart svar skuldig.

Misjonslivet stod sterkt i dalen. Det var jamleg samlingar for ulike misjonsselskap. Eg hugsar indremisjonen, samemisjonen, ytre og indre sjømannsmisjonen, det norske misjonsselskap. Det var jamleg møte med andakt, spøting, spinning, brodering, bunadsaum m.m. Og mykje av det flotte handarbeidet skulle vera vinstar på basarar. Fleire basarar tidleg vinter med gåvevinstar, åresalg, andakt.

Myrkdølene var makelause til å gje vinstar. Og like gavmilde å kjøpa lodd og årer. Andakt var gjerne ved misjonærar frå misjonsmarka som fortalde og av alle underlege ting vart det vist ljusbilete attåt. Det greip oss sterkt å høyra og sjå kor andre born og vaksne kjempa for dagleg mat, gå på skule og at dei henta ureint vatn. Desse basarkveldane var gledesunder for oss borna, og vaksne med. Bedehuset i bedehusvingen var fylt med folk desse kveldane. Og i juni var det misjonsbasar med Myrkdalsdravle og rjomegraut. Var det finver då vart bedehuset for lite og me sat og åt ute og høyrde talen – ofte av misjonærar som hadde vore på Madagaskar, eller andre stader i verda.

Ein emisær, Per Hilleren, frå Sogndal budde fleire gonger hjå oss. Me gledde oss når han kom – ein framifrå talar, men heime lærde han oss ymse leikar og triks. Eit triks var: Han sette eit vanleg mjølkedrikkeglas opp ned på golvet, sette eit stearinljøs attmed i lag med ein stikkedåse. Deretter stå på ein fot på glaset, bøya seg ned, ta ei stikke og kveikja ljøset utan å mista balansen. Vi øvde i lag og greidde det til slutt. Og bodskapen hans var alltid: «Ha tru på at du greier det, stol på deg sjølv, konsentrer deg – og hugs: øving og tru gjer deg til meistar. Og saman greier me det meste.»

Ein god bodskap å ta med seg vidare i livet.

Solbjørg Kvamme

Kva er bra med Voss – og kva kan bli betre?

Naturen! Det er lett å koma seg ut i naturen, og her er mykje å finna på. Så kan ein treffe folk frå heile verda som deler dei same friluftsinteressene. Eg prøver no å lære meg elvepadling og klatring. Slikt har ikkje vore like tilgjengeleg andre stader der eg har budd.

Eg skulle ynskja at det var fleire stader der ungdom kunne koma saman, utanom det som fins i idretten. Stader der dei kan koma som dei er, der dei opplever vaksne som tek dei på alvor og som er villige til å investera tid i dei.

I Nain har me ein ungdomsklubb der det kjem 10-15 ungdommar på kvar samling. Der opplever me at dei set pris på å få lov til å berre vera, i tillegg skaper det ein arena for mange spennande samtalar.

Kva er viktige verdiar for deg?

Det er mange viktige verdiar som kunne vore nevnt, men ein verdi som er viktig er menneskeverd. Alle menneske har ein verdi i seg sjølv fordi dei er eit menneske. Og alle fortener å bli møtt med kjærleik og respekt uavhengig av meiningar og handlingar. Dersom me alle hadde klart å ha meir fokus på dette i møte med andre, trur eg kvardagen hadde blitt betre for oss alle.

Kva tenkjer du om kyrkja sin plass i lokalsamfunnet?

Det er menneske som utgjør kyrkja,



Fødd: 1993

Bustad: Tvildemoen

Yrke: Sjukepleiar

Familie: Singel

Interesser: Friluftsliv, musikk

ikkje bygget. Eg vert stadig fascinert over at kyrkja er samansett av så mange ulike mennesketypar, og at det likevel fungerer. For min eigen del merkar eg at det er sunt å forhalda seg til ulike personlegheiter, og menneske med ulike meiningar. Det skaper rom for refleksjon, og det lærer meg mykje om Gud og om menneske.

Dei kristne har ei viktig stemme i samfunnet. Bibelen seier mykje om kva som er godt for oss og kva som ikkje er godt for oss, og mange av råda er gjerne motsett av kva som er normalt å tenkja. Eg trur at kristne i lokalsamfunnet kan bidra til å skapa rom for refleksjon rundt identitet, kva som er viktigast og korleis ta gode valg i livet.

Kva betyr trua for deg?

Det ordet som eg først og fremst tenkjer på er: fridom. Det er mykje ein kan verta bunden av i livet. Mange trur at kristne er låst - at Gud er ein diktator som prøver å styra og begrensa oss. Eg opplever det motsett - Gud set meg fri. Det kjennest godt og avslappande å la Gud få definera livet mitt. Livet går opp og ned for oss alle, derfor kjenner eg det godt å få ha ein stabil grunnmur i Gud. Og eg har fått erfart igjen og igjen at han er den han seier han er, og at han er med i alt som skjer.

Eg er med i Nain. Der feirer me gudsteneste kvar sundag. Det er ei stor velsigning å få bygge relasjon til kvarandre på tvers av generasjonar.

Kven vil du utfordra til samtale neste gong?

Eg utfordrar Olav Humlebrekke.

Grøn kyrkjelyd

Miljøbevisst reingjering

Mange drivz massiv kjemisk krigføring mot skit og lort, og har eit heilt arsenal av vaskemiddel i kjøkkenbenken. Det er sjeldan naudsynt. Her får du tips om betre alternativ.

Av Håkon Lindahl og Knut-Erik Helle, Fremtiden i våre hender

1. Bruk naturlege vaskemiddel.

Eddik, natron (bakepulver) og sitron kan brukast effektivt til reingjeering. Utvatna kvit eddik kan også få vindaugo dine skinande reine. Like deler av natron og vatn er effektivt for å fjerna flekkar på kjøkkenoverflater, i vasken, kasseroller og steikepanner med meir. Sitron tek knekken på muggsopp og løyser opp feitt.

2. Problem med kalkavleiring?

Sitronsyre eller eddik fungerer fint som avkalkingsmiddel til porselen og fliser. Skol med reint vatn etter bruk.

3. Naturleg rens av steikeovn.

Bakepulver kan også brukast som steikeovn-rens. Fukt innsida på steikeovnen, påfør bakepulver, set ovnen på 50 grader og la det stå nokre timar, gjerne over natta, før du turkar av med ein fuktig klut.

4. Vel plastfritt.

Bruk klutar av bomull eller andre cellulosebaserte materialar, eller endå betre, bruk utslitte klede i staden for klutar laga av fossil plast. Oppvaskhanskar i naturgummi (latex) er eit godt val når ein treng ekstra vern, og til skurejobben finst det gode produkt laga av fiber frå skalet til kokosnøtter. Til handoppvasken kan stålull brukast på kasseroller og panner av stål. Slitesterke svampar med god oppsugingsevne laga av cellulose er det også råd å få tak i.

5. Vel svanemerket og parfymefritt.

Svanemerka reingjeringsmiddel er mellom dei mest miljøvennlege på marknaden. Men dei kan nok også innehalda allergiframkallande parfymestoff. Sjå etter parfymefrie alternativ. Du kan også sjå etter produkt anbefalt av Norges Astma- og allergiforbund. Dei oppfyller svanemerket sine kjemikaliekriterier, er garantert parfymefrie, og oppfyller ei rekke helsekrav.

6. Unngå spesialvaskemiddel.

Spesialvaskemiddel som metallpuss, steikeovn-rens, møbelspray, boningsmiddel og teppespray inneheld generelt meir og flere helse- og miljøbelastande stoff enn vanlege vaskemiddel.

7. Unngå klor.

Klorforbindelsen som vert brukt i Klorin og andre vaskemiddel er ikkje spesielt skadeleg i seg sjølv (med mindre du drikk det), men det er dokumentert at det kan verta danna andre, meir skadelege stoff i innelufta og i miljøet når du vaskar med klor. Eit alternativ er vaskemiddel med hydrogenperoksid, for eksempel Domestos Fresh. Det desinfiserer omlag like bra som klorhaldige vaskemiddel, og er mindre problematisk for innelufta.



Svanemerket og NAAF-merket stiller strenge helse- og miljøkrav til reingjeringsmiddel.

Her er det plass til annonsa di! Ta kontakt på mail: kyrkjebladet@voss.kyrkja.no	 VOSS PRENTEVERK MARKNADSFØRING - VISUELL PROFIL - WEBDESIGN TRYKKSAKER - MERKEVAREBYGGING ☎ 56 52 04 40 ✉ post@prenteverket.no	 Vekselbanken - ein god medspelar - Telefon 56 52 35 00 - med tilbod til liten og stor
 Anleggsgartnar og trepleiar GUNNAR LILLETHUN Tlf. 901 19 315 • www.lillethun.no	Voss Bokhandel Vangsgata 27, 5700 Voss Tlf. 56 51 11 16	Din rørleggjar i sentrum <i>Snakk med</i> Comfort Helge Nikolaisen A/S Installasjon - Service - Vedlikehald Velkomen i butikken! Tlf. 56 51 26 28 Vangsgt. 4, 5700 Voss
 Voss Energi -rein vossakraft!	O.L.KYTHER AS entreprenør Melsvegen 7, 5710 Skulestadmo Tlf. 56 52 38 60	 Azets Insight AS avd. Voss Evangervegen 3, 5704 Voss Autorisert regnskapsførerselskap visma.no/outsourcing
 Voss Blomster handel Tlf 56 51 31 96	KIWI mini pris Kiwi Vangen Tlf. 56 51 27 35	Pianostemmer Voss På tide å stemme pianoet?  pianostemmervoss.no Tlf. 99 43 53 36
VI ER HER. ALLTID.  KIRKENS SOS 22 40 00 40	MYRK DALEN myrkdalen.no	Me ordnar alt vedrørende dødsfall Sal og service av gravmonument - Formidling av blommar VIRKE GRAVFERD Vinsands GRAVFERDSBYRÅ Telefon 56 51 11 94 – Telefax 56 51 30 67
SELSKAP I HMV VOSS - KONSERNET HMV Bilsenter AS tlf. 56529150 HMV Maskin AS tlf. 56529130 HMV Servicestasjon AS tlf. 56529180	GRAVSTEIN Nye gravmonument, tilføyingar og oppussing – ta kontakt med: STEIN & MERKE Per Vinje – Tlf. 56 51 69 88 – 908 52 099	 JOKER GRANVIN Hardangervegen 5736 Granvin Tlf. 56 52 54 00 Velkommen til en hyggelig handel
Nordhordland Begravelsesbyrå AS Ring oss på tlf. 56 37 14 10 eller sjå www.nordh-bb.no <i>Stort utvalg i blomster og gravminne!</i> KYRKJEVEGEN 1 5911 Alversund FREKHAUG: Havnevegen 31, 5918 Frekhaug AVD. VAKSDAL: Tlf. 56 99 25 70 <i>Me går saman med deg heile vegen</i>	 VOSS SPAREBANK - skapar verdiar for deg og lokalsamfunn www.vossabanken.no - 56 52 03 00	 VAKSDAL BLOMSTER OG BEGRAVELSESBYRÅ AS <i>Vi ordnar alt vedrørende dødsfall. Kransar, oppsatsar og bærebukettar fritt levert til gravferda. Gravmonument.</i> Tlf. 56 59 74 70 - Mobil. 911 79 766

KYRKJELEGE HANDLINGAR

Døypte



Voss Sokn

08.03 Rubi Brattebø-Mythe
Trent Disla Haugo
Sanna Johnsson Tesdal
15.03 Elias Johansen Giljarhus
22.03 Mari Helene Kleppe
12.04 Ingeborg Vestrheim
26.04 Kaja Himle-Hegg

Raundalen

18.04 Iselin Utne Tvinde

Vinje

08.03 Alicia Walde Nesheim

Vigde



Vangskyrkja

07.03 Torunn Farsund og John-Olav Grevle
08.03 Katrin Brattebø og Steffen Snerthe Mythe

Raundalskyrkja

18.04 Ragnhild Hagen, f. 1947, d. 28.01

Gravlagde



Voss

02.03 Dagfinn Harald Svanga
06.03 Aslak Himle
24.03 Hildur Ringheim
27.03 Oddbjørg Brekke
Dagfinn Gjølstein
31.03 Brynjulf Mugås
03.04 Torbjørg Vatne
07.04 Kåre Bulko
16.04 Borgny Kløve
24.04 Liv Seim
Anna Margrete Repål
28.04 Arne Ragnar Nilsen

Oppheim

03.03 Ivar Stalheim
06.03 Kari Knapstad

Vinje

17.03 Madli Flisram
03.04 Ingebjørg Tveite

Evanger

07.04 Olav Mestad

Granvin

24.04 Signy Jørdre

DÅP I DEN NORSKE KYRKJA

Slik føregår barnedåp hjå oss:

1. Foreldre/føresette melder barnet til dåp, gjerne via nettsida vår.
2. Presten tek kontakt for å avtale ein samtale, ofte nær dåpsdatoen.
3. Dåpssamtalen er eit uformelt møte der ein vert kjend med kva dåp er og kva kyrkja tilbyr vidare i livet.
4. Dåpen. I dåpen vert barnet Guds barn, medlem av Den norske kyrkja og tatt i mot av kyrkjelyden.
5. Dåpsattest er eit dokument foreldra får som viser at barnet er døypt.



Me ynskjer alle velkomne til dåp hjå oss, og me står gjerne til teneste, t.d. kan ein låne dåpskjole hjå oss (sjå bilete). Ta kontakt på tlf 56 52 38 80 eller sjå på nettsida www.voss.kyrkja.no/dåp

GUDSTENESTELISTE

Dagane vi opplever no er prega av ei ukjend framtid. Vi veit kvar vi skal, vi skal attende til normalen, men vi veit ikkje korleis og når me kjem oss dit. I kva grad me kan feire gudstenester i sommar, og utover hausten er enno usikkert. Men me følgjer situasjonen og nasjonale råd frå kyrkjerådet tett. Så snart det er råd ønskjer me å starte opp att med gudstenester. Så me kan samlast til salmesong, bøn, forkynning

og fellesskap. Me oppdaterer nettsidene våre fortløpande, og kjem til å gjere det kjend så godt me kan når me får starte opp att, og på kva måte det kan skje.

Dåp og vigsel vert gjennomført etter eigne retningslinjer. Ta kontakt med kyrkjekontoret, eller sokneprest for Voss, Anders Hove, dersom de ønskjer dåp eller vigsel.

FASTEAKSJONEN 2020 - RESULTAT

Gjennom VIPPS og på andre måtar har sokna i Voss i 2020 samla inn **81.161 kroner**. Det betyr at kvar innbyggjar i kommunen har bidratt med **kr 5** i gjennomsnitt. Dette betyr at Voss kommune har gitt **reint vatn til 406 personar**.

Historikk for Voss kommune:

2020 kr. 81 161
2019 kr. 134 012
2018 kr. 126 428

Samanlikna med andre kommunar er Voss kommune på plass nr. 10 i fylket og nr. 62 blant alle kommunane Noreg. Nedanfor er resultatet for kvart sokn:

Totalt for heile landet kr. 20.826.186, som gjev vatn til 104.000 menneske.

Opplysningane er henta frå Fasteaksjonen.no

1 Voss Sokn	kr 59.899,-	4 Granvin Sokn	kr 2.529,-
2 Vinje sokn	kr 8.197,-	5 Evanger Sokn	kr 1.570,-
3 Oppheim Sokn	kr 7.822,-	6 Raundalen Sokn	kr 1.144,-

NYE DATOAR FOR KONFIRMASJON

Grunna situasjonen rundt korona-viruset er konfirmasjonane flytta til august og september:

Evanger:

Laurdag 05.08. kl.11.

Raundalen:

Laurdag 22.08. kl. 11:00

Granvin:

Sundag 13.09. kl. 11:00.

Vangskyrkja:

Sundag 23.08., laurdag 29.08. og sundag 30.08.

Alle tre dagane kl. 10 og 12

Vinje kyrkje:

Laurdag 19.09. kl. 11:00.